



Protokoll frå styremøte Suldal IL

Møtenummer: 03 – 2022/2023

Dato: 17.10.2022

Tidspunkt: 19:30-22:30

Stad: Foajeen

Til stades: Hege Hiim Steine (styremedlem), Gro Fisketjøn (gruppeleiar trim), Venke Olene Vaarvik (gruppeleiar økonomigruppa), Per Even Tjøstheim (gruppeleiar ski), Tom Gardsteig (nestleiar), Helen Moen Gjuvsland (leiar), Rune Vaage (fungerande kasserar), Jon Bråtveit (gruppeleiar fotball) og Kristine Bøe Berge (skrivar)

Sak 6 - 22/23 Godkjenning av innkalling og saksliste

- Godkjent utan merknadar.

Sak 7 - 22/23 Godkjenning av protokoll frå sist styremøte

- Godkjent utan merknadar.

Sak 8 - 22/23 Orientering og saker frå leiar v/Helen Moen Gjuvsland

- Kraftstasjon besøk i Hysten hjå Statkraft var vellukka. Fullbooka med i underkant av 50 medlem som deltok.

- Idrettsrådet - lokale aktivitetsmidler og kulturmidler blir fordelt i desse dagar til idrettslaga i kommunen. Dette vert fordelt etter ei fordelingsnøkkel på medlemstal.

- Allidrettens-SFO 2022 – gjennomfører 10 rundar/gongar etter haustferien med midlar frå Haugaland kraft/Frivilligsentralen 20.000,-. Startar opp onsdag 19.oktober. Jens Marcussen har sagt seg villig til å vera trenar på same vilkår som tidlegare år.

- Forsikringsavtalen blir gjennomgått når medlemskontingenten er forfalt.

- Integrering – flyktningar frå Ukraina m.fl. Idrettslaget deltok på møtet i Grendautvalet. Flyktningane vert informert om idrettstilboda i kommunen og idrettslaget ynskjer alle nye medlem velkomne.

- Nytt pristilbod på 3x3m popup-telt. Styremøtet går inn for å handla inn to telt.

- Helen har sendt inn søknad til kommunen om pengar til tilrettelegging for friluftsliv akebakke i lysløypa. Me ventar på svar.

Sak 9 – 22/23 Orientering økonomi

- Bokført rekneskap pr. 31. august 2022. Avstemt pr. 30.09.22.

- Medlemskontingent og sponsoravtalar. Rune sjekkar med tidlegare kasserar. Må sjekka medlemslister og nye medlem, samt sørge for at alle får fakturaen i hende.

Sak 10 – 22/23 Orientering frå fotballgruppa v/Jon Bråtveit

- Går no mot slutten av sesongen for laga

- A-lag ferdigspelt, 6. plass

- For det meste greie prestasjonar. Har møtt nokre 2'ar-lag som har stilt sterkare lag enn dei bør ut frå fair play. Mogleg me eller andre lag tek opp dette med kretsen. Har vore gjort før, og småklubbane kjem til kort mot dei store på krets- og forbundsting.
- Treng ny trenar. Må kalla sesongen for ein «mellomsesong», der Jon Bråtveit og Tor Olav Berge har gjort det som må gjerast for å oppretthalda laget, men ikkje meir enn det.

- Suldalsgutane- og jentene



- G14
 - G14-2 9'ar har vunne 3. div 9'ar før siste kampen. Betre fire lag med. Står med 9 sigrar og to tap.
 - G14-1 11'ar møter sterkare motstand og ligg nest-sist, har tre kampar igjen. Nokre store tap og fleire småtap med marginer på feil side.
 - Har hatt noko fråfall av spelarar, slik at ein har måtte låna av kvarandre.
 - Bør gå ned til eitt lag neste år.
 - Spent på trenarkabal, reknar med nokre gir seg.
 - Har hatt sosial tur til Vikingkamp.
- J15
 - Har tre kampar igjen. Ligg på 7. plass av ni lag, men grei målforskjell.
 - Mange nye, unge spelarar, god trent.
 - Tre solide lagleiarar.
 - Har hatt sosial tur til Vikingkamp.
- Aldersbestemt
 - Lilleputt har framleis kampar igjen.
 - Miniknott, knott og ungdomsskulen er ferdige. Ungdomsskulen vann cupen.
 - Det meste har gått på skinner, men lilleputtlaga har blitt skeivt inndelt og har mista to trenarar som har flytta. Vore hjelp av foreldre for å gjennomføra sesongen.
 - Kjekk cup på Jelsa og i Røldal.
 - 1. klassingane har hatt treningar søndag, og dei var også med på Røldalscup. Kristine Bøe Berge og Helge Lauvsnes er nye trenarar.
- Frivilligtrening
 - Trenarane flytta i sommar, men Aslak Moe har tatt ansvar for nokre samlingar i haust. Espen Elvemo frå FKH hadde også ei økt i høve Grasrottenarkurs.
 - Ønskjer å få reisa på cup.
- Treningssamling:
 - Ella Tjøstheim og Kari Steine var med på NSU Talentsamling i Haugesund i haustferien. Lærerikt og kjekt.
 - Avslutningssamling for Suldalsserien: 3. november, dersom premiar er på plass.
- 12 trenarar frå Suldal IL deltok i haust på Grasrottenarkurs del 1 med FK Haugesund. Delkurs 1 er gjennomført og bestått, satsar på neste delkurs til våren eller haust.
- Maling av ballbu, m.m.
 - A-laget har malt ballbu og innbyttarbenker.
 - Manglar bokstavar i mønet, kjem etter kvart.
 - Benker utanfor foajè skal beisast. Beis er på plass, men vår og tid har ikkje spelt på lag.
- Har hatt innkjøpsrunde på klede i haust, som er rett rundt hjørnet.
- Kulp, Suldal Service og Energihotellet har sagt dei vil vera med som skiltsponsor, men ikkje formalisert endå.
- Ønskje om cup for frivilligtreningsgruppa 4.-7. klasse.
- Foballgruppa ønskjer å få til rutine på å reisa på større cupar, slik at alle har fått oppleve ein slik cup ein gong. Tenkjer det kan passa best i 12-årsalderen. Framleis 7'ar-fotball og barnefotballreglar. Overfladisk budsjettoppsett på Sørcup, DanaCup og Norway Cup. Styret er positiv til å undersøka interessa og gå vidare med dette.



Sak 11 – 22/23 Orientering frå skigruppa v/Per Even Tjøstheim

- I gong med treningar for alle gruppene for hausten.
- Har delteke på Blink-festivalen og rulleskirenn på Hovden no i haust. Skar delta med nokre løparar i krinsmeisterskap i Sandnes no i haust på samling med Team Ragde.
- Arrangerte sonesamling ved Gullinghuset ein laurdag i september.
- Har nokre løparar som har delteke på samlingar med Hovden Skigymnas. Hadde også to løparar med på ei samling med Team Ragde i starten av sommaren.
- Skisesongen startar opp andre helga i desember. Vert ei klubbsamling og sonesamling på Hovden, tradisjonen tru.
- Vert ny runde for moglegheiter til å bestilla klede no i haust. Det vert lagt ut på Facebook etter kvart.
- Skal ha ein kurskveld med tidtakarsystemet ilag med Hjelmeland og Sauda i løpet av vinteren for å sikra overføring og utviding av kompetanse på dette systemet.
- Ferdig med første del av kunstsnøanlegget (frå stadion og 800 meter ut). Vil ha fokus på snøproduksjon på denne delen før ein tenkjer vidare utbygging. Eit usikkerheitsmoment her er straumprisane. Skigruppa har lagt inn ein søknad til budsjettprosessen i Suldal kommune om kr 200 000,- til dette føremålet.
- Lysanlegget er ferdig.
- Innspel om å oppdatera skildring av aktivitetar på heimesida til idrettslaget.

Sak 12 – 22/23 Orientering frå trim v/Gro Fisketjøn

- Tilsynet for dagsturhytta går veldig greitt. Så langt har besøkande halde seg til retningslinjene. Tilsynet går ut på å halda det reint og ryddig, samt sjå etter toalettet. Det er også kjøpt inn utstyr til rydding rundt hytta. Det har vore veldig mykje besøkande så langt.
- Merking av stiar. Manglar på trepinnar til merking. Jobbar med ei løysing med å få på plass desse. Har friska opp merking til Gunntveitåsen. Nye skilt til Stråpanuten er på veg.
- Har samla alle bøkene frå turpostane. Skal trekkast premier, som er klart til årsmøtet.

Sak 13 – 22/23 Orientering frå økonomi v/Venke Olene Vaarvik

- Har fått søppeldunkar til kiosken. Sponsa frå Diplom.
- Litt mindre omsetning i kiosken no i haust. Har difor redusert noko på tilbodet, det er no kiosk på kampar med A-laget og torsdagskampane. Også litt mindre sortiment.
- Dugnad for nedvask av Gullinghuset vert torsdag 20.august.

Sak 14 – 22/23 Orientering og status «Prosjekt Prestavikjø» v/Jon Bråtveit

- Prosjektet er inne i budsjetthandsaminga for kommunebudsjettet til Suldal kommune.
 - Møte mellom underteikna og administrasjon ved Aud Marit Hauge, Torbjørn Guggedal, Tormod Hoftun og Øyvind Stueland.
 - Ønskje om å gå for heile prosjektet som ein heilskap.
- Idrettsrådet har laga forslag til prioriteringsliste.
- Nenad Ignjatic har malt 13 akvarellar til inspirasjon.
 - Akvarellane blir ramma inn i Haugesund og kan bli brukt som illustrasjon og informasjon kring prosjektet.
- Søknadar blir sendt til stiftingar, organisasjonar og næringsliv etter kvart som det er søknadsfristar. Nokre aktuelle har søknadsfrist til våren.
 - Har fått avslag på prosjektstøtte frå ein av hovudsponsorane Haugaland Kraft. Dei støttar drift, ikkje byggeprosjekt.



- Har pr 16.10 fått inn 300.000,- til tribune (Sparebankstiftelsen Suldal, Sparebank, Sparebanken Vest og SR-bank) og 100.000,- frå Grieg Seafood Rogaland.
- Eit realistisk håp om å komma i gong med tribune, grunnarbeid, asfaltering og pumtrack tidleg vår. Vidare håpar me at det meste er på plass innan 2023 er omme.
 - Profilering: bruka heimesida til å visa fram aktiviteten vår. Skal idrettslaget gjer meir med profilering på sosiale medier? Tom G. sjekkar litt opp i aktuelle flater.
- Me må få inn igjen dei medlemmene som har forsvunne etter korona og overgang til nytt medlemsregister.
- Vitjing frå Sparebanken Vest!
 - Me fekk overraskande vitjing frå Sparebanken Vest v/Hans Olav Brustveit under styremøte i dag. Han hadde med seg ein sjekk på kr 500 000,- til Prosjekt Prestavikjo. Suldal IL søkte i vår om midlar gjennom sparebankstifelsen Sparebanken Vest. Me set stor pris på eit slikt bidrag frå ei av våre hovudsponsorar! TAKK!

Sak 15 – 22/23 Ymse

- Frivilligfest i haust/vinter. Aktuelt på nyåret i samband med/førekant av årsmøtet. Tek opp saka på styremøte på nyåret.
- Spond – prøvd ut på a-laget og fungerer godt. Bør ha ein felles konto med undergrupper.
- Suldal IL flagg – er bestilt.
- Hjartestartar frå Ida Eides minnefond er komen og skal hengast opp på Gullinghuset. Hege tek den vidare kontakten med Suldal kommune for etablering av skåp til hjartestartaren.
- Ryfylkepuls skal filma frå Suldalsosen tysdag 8.november. Ynskje om deltaking frå Suldal IL. Helen held kontakt med Ryfylkealliansen. Ein planlegg filming like etter skuleslutt for elevane på Vinjar skule (kl.13:55).

Kristine Bøe Berge
Skrivar